

## **UTTALE FRÅ FAU VED LEIKNES SKULE ANG. PLANANE OM UΤBYGGING AV FLØSVIKA**

FAU sitt utgangspunkt for uttalen, er basert på informasjon i Lindås Kommune sin Kommunedelplan for skule 2014 – 2018.

FAU ved Leiknes skule er uroa over konsekvensane planane om utbygging av 58 bueiningar i Fløsvika vil få for elevane ved Leiknes skule. Dette med tanke på auka trafikk på ein allereie farleg skuleveg, og auke i elevtal. Trafikkbelastninga rundt skulen er stor allereie, samt at skulen sin elevkapasitet minkar. Me krev at det i denne prosessen blir gjort grep for å sikra trygg skuleveg og gode læringsmiljø for elevane ved Leiknes skule, før fleire utbyggingsprosessar blir sette i gang.

### **Skulevegen, og sikkerheita knytt til den:**

- Utbygging av 58 einingar i området, vil auka trafikken betydeleg på Leknesvegen med over 60 fleire bilar langs skulevegen. Me reknar med at kvar husstand vil ha bil, då det ikkje er servicetilbod som td. butikk i nærleiken. I husstandar med to vaksne er det vanleg med meir enn ein bil, så 60 bilar ekstra er eit lågt estimat.
- Manglande fortau på det meste av strekket langs heile Leknesvegen, er i dag allereie eit tryggleiksproblem for elevar som går eller syklar til skulen. Bilistar frå Fløsvika vil, som alle andre busette i området, vera avhengig av å nytta utkjørsel til E 39 enten i Hillesvågen, eller om ein har born i skule eller barnehage, køyra mot Mundal. Her har FAU, SU og bebuarar langs vegen arbeidd for utbetring av vegen i fleire tiår, parallelt med at folketal og trafikk har auka. Svært lite er gjort for å sikra vegstrekninga.
- Skulevegen manglar veglys
- Leknesvegen er allereie belasta vegstrekks med mellom anna tungtransport i samband med utbygging over fleire år, no sist i Midtgårdfeltet.
- Manglande tilbod om skuleskyss, i kombinasjon med farleg skuleveg frå Apalen-området og Mundal, er allereie med å auka trafikkbelastninga, og trugar sikkerheita på skulevegen. Dette fordi mange vel å køyra borna til skulen. I desse områda er der også på gang vidare utbygging av bustadfelta.

### **Skulekapasiteten:**

- Prognosar frå Norconsult, viser at klasseromkapasiteten vil vera nådd i skuleåret 2018/2019. Dersom einingane som er planlagt i Fløsvika, ikkje er rekna med i dei 160 bu-einingane som Norconsult har estimert vil auka i skulekrinsen i perioden 2009 - 2024, vil dette ha stor innverknad for Leknes skule. Sjølv om det er planlagt einingar i storleiken 70-90 kvm, kan ein ikkje sjå bort frå at familiar, eller einslege med barn i skulealder, vil busetja seg der.

- Toalettfasilitetar og garderobar på skulen har allereie nådd ei kapasitetsgrense i dag
- Prognosene viser også til at uteområdet allereie er knapt med dagens elevtal, og dei viser auka behov for både inne- og uteareal.

**Rekkeføljelekav:**

**Trygg skuleveg og elevkapasitet for å sikra gode og trygge oppvekst- og læringstilhøve for elevar i Leiknes skulekrins.**

FAU ved Leiknes skule